



Turkoppen med namn på fjella og turområda rundt Uskedalen.

**Ein klassisk og litt nostalgisk embaljekopp med fjellnamn er no i sal på SPAR Uskedalen. Koppen er utforma av Mokka Design v/ Monica Hansen, på oppdrag frå Uskedal Utvikling. Turkoppen er lett i vekt, uknusleg og eignar seg godt for turar i båten, på fjellet, camping og på stranda. Koppen er mellom anna laga for å profilera alle dei fine turområda i Uskedalen.**

Monica Hansen er tilflyttar til Uskedalen. Ho fortel til Uskedalen.no at turkoppen passar til alle entusiastane i Uskedalen, både fastbuande og tilreisande gjester. Ikkje minst kan det vera ein fin souvenir å ta med seg eller ei høveleg gåve til alle som har flytta frå bygda.

Koppen vert emaljert for hand, noko som gjer at alle er ulike. Ujevnheter og prikkar i embaljen skaper ein viss sjarme. Koppen kan vaskast i oppvaskmaskin, men handvask vert likevel tilrådd.



Handlenettet er mest utseld, berre 10 stk. igjen. Spring og kjøp på SPAR.

Monica Hansen flytta som sagt til Uskedalen i april 2019 etter å ha vore busett i Bergen i 25 år. Monica er fødd og oppvaksen i Odda og har lang erfaring innan grafisk utforming og design. Utdanninga er typograf og designar.

Monica Hansen har vore yrkesaktiv i bladforlag, reklamebyrå og trykkeri. Ho gjer alt grafisk arbeid på oppdrag. Mykje av arbeidet har vore produksjon av magasin, bøker og reklametrykksaker.

Monica har sidan 2011 drive eige firma med namnet Mokka Design. Ho tek oppdrag for store og små verksemder, lag og organisasjonar i tillegg til å selja eigne produkt som plakatar/ posters, grafiske trykk og handlenett. Dette vert gjort gjennom nettbutikken [www.karbid.no](http://www.karbid.no)

Til slutt må vi ta med at Monica Hansen har vore med på fleire utstillingar, i hovudsak med abstrakt kunst.

**Både turkoppa og handlenettet er utstilt og kan kjøpast på SPAR, Uskedalen.**

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Mokka Design



Monica Hansen bur sentralt i Uskedalen i det som var Dagestad sitt hus i nedre Halsabrotet.